

Styremøte 2022/2 i Norsk folkemusikklag

Møte på Teams mandag 31. januar kl. 19.00—21.00

Til stades: Bjørn Aksdal, Andrea Kasbo Rygh, Tom Willy Rustad, Karin Eriksson, Borghild Hardang-Hanto og Sveinung Søyland Moen (referent).

Sak 12/22 Korte meldingar

- Styret har fått invitasjon til møte 13. mai i representantskapet i Norsk senter for folkemusikk og folkedans (Sff), og har intensjon om å stilla med minst ein representant der. Styret har samstundes mottatt ein e-post med presentasjon av undersøking om grenseoverskridande åtfærd i regi av Sff, Noregs Ungdomslag og FolkOrg. Styret tar rapporten til orientering og vil ta oppmodingane frå denne med i det vidare arbeidet til laget.
- Valdres folkemusikkarrangement og Valdresmusea har sendt styret invitasjon til nytt møte om seminarsamarbeidet i 2022. Bjørn, Tom Willy og Sveinung stiller på vegne av styret som del av arbeidsgruppa for seminaret.
- Tom Willy har skrive utkast til søknad om reisestøtte til seminaret som skal sendast til Sff. Utkastet er sendt på e-post til resten av styret, som vert oppmoda om å koma med innspel.

Sak 13/22 Budsjett 2022

Etter at Sveinung presenterte utkast til budsjett for 2022 i førre styremøte, vart styret samde om å utsetja saka ei veke, for å få høve til å få svar på nokre spørsmål før endeleg vedtak. Sveinung har i mellomtida vore i kontakt med Novus forlag og presenterte nytt oppsett for budsjett for 2022, med mål om å gjera det enklare å sjå samanhangen mellom skriftrekneskapen frå Novus og laget sin eigen rekneskap. Styret godkjende det nye oppsettet og vart samde om å leggja dette fram for årsmøtet. Sveinung informerer Novus om endringa.

Styret gjorde elles nokre mindre justeringar i det opphavlege budsjettforslaget, og godkjende så budsjett 2022 til framlegg for årsmøtet.

Sak 14/22 Budsjettsøknad for 2023

Budsjettsøknad 2023 og årsrapport 2021 skal sendast til Kulturrådet innan 1. mars. Styret diskuterte prioriteringane i søknaden og gjorde følgjande vedtak:

- Budsjettet for 2023 vil i hovudsak bygga på styret sitt utkast til budsjett for 2022.
- Det nye tiltaket laget søkte om i fjor, støtte til vidare utgjeving av skriftet, vert ikkje prioritert i 2022. Årsaka er den signerte avtalen med Sff som gjeld til og med 2026.
- Som nytt tiltak for 2022 søker styret om auke i driftsstøtta på totalt kr. 130 000. Kr. 100 000 er tenkt til årleg drift av nytt sekretariat for laget (to månadsverk) og kr. 30 000 er støtte til Ungt Forskerforum for Folkemusikk og Dans (UFFD). Av desse 30 000 vil kr. 10 000 gå til UFFD sitt eige seminar og 20 000 vil vera reisestøtte for UFFD til deltaking på NFL sitt seminar.

- Styret vil òg visa til langsiktig plan om å få gjennomført eit ICTM-seminar i Noreg.

Bjørn og Sveinung fekk ansvaret for å fylla ut og senda inn skjema i Altinn. Endeleg utkast vil sendast ut til heile styret for gjennomlesing før det vert sendt inn.

Sak 15/22 Brev frå UFFD om formalisering av forholdet til NFL

Andrea hadde i forkant av møtet sendt ut utkast til samarbeidsavtale mellom NFL og UFFD. Styret diskuterte forslaget og vart samde om nokre mindre justeringar. Andrea inkorporerer endringane og sender snarast ut endeleg versjon på e-post til godkjenning i styret. Andrea må så ha tilbakemeldingar frå resten av styret innan fredag 4. februar.

Sak 16/22 Nye saker til heimesida og Facebooksida

Ingen nye saker.

Sak 17/22 Neste styremøte

Neste styremøte vert måndag 21. mars kl. 19.00–21.00. Sveinung set opp møtet i Teams.

Sak 18/22 Eventuelt

Fordeling oppgåver årsmelding

Bjørn har sendt styret mal for årsmelding 2021 og merkt av kva tekstar dei enkelte styremedlemmane har ansvaret for. Tekstane må sendast til Bjørn innan *10. februar*. Bjørn bad òg styremedlemmane melda inn alle møte der dei i 2021 har deltatt på vegne av NFL.